

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 137/2005

av 2. desember 2005

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 93/2005 av 8. juli 2005⁽¹⁾.
- 2) Kommissjonsvedtak 2005/13/EF av 3. januar 2005 om endring av vedtak 2001/881/EF om utarbeiding av ei liste over dei grensekontrollstasjonane som er godkjende til å føre veterinærkontroll med produkt og dyr frå tredjestatar, og om ajourføring av dei nærmare reglane for kontrollen som veterinærakkyndige frå Kommisjonen skal føre⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommissjonsvedtak 2005/67/EF av 28. januar 2005 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/634/EF om godkjenning av programma med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN)⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommissjonsvedtak 2005/102/EF av 26. januar 2005 om endring av vedtak 2001/881/EF og 2002/459/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Kommissjonsvedtak 2005/104/EF av 3. februar 2005 om endring av vedtak 2002/300/EF om utarbeiding av lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*⁽⁵⁾ skal takast inn i avtala.

⁽¹⁾ TEU L 306 av 24.11.2005, s. 14, og EØS-tillegget til TEU nr. 60 av 24.11.2005, s. 9.

⁽²⁾ TEU L 6 av 8.1.2005, s. 8.

⁽³⁾ TEU L 27 av 29.1.2005, s. 55.

⁽⁴⁾ TEU L 33 av 5.2.2005, s. 30.

⁽⁵⁾ TEU L 33 av 5.2.2005, s. 71.

- 6) Kommissjonsvedtak 2005/107/EF av 2. februar 2005 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge disse fiskesjukdommane⁽⁶⁾ skal takast inn i avtala.
- 7) Kommissjonsvedtak 2005/123/EF av 9. februar 2005 om endring av vedtak 2004/292/EF om iverksetting av TRACES-systemet og om endring av vedtak 92/486/EØF⁽⁷⁾ skal takast inn i avtala.
- 8) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I kapittel I i avtala vert endra slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2005/13/EF, 2005/67/EF, 2005/102/EF, 2005/104/EF, 2005/107/EF og 2005/123/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 3. desember 2005, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 2. desember 2005.

For EØS-komiteen

Prins Nikolaus von Liechtenstein

⁽⁶⁾ TEU L 34 av 8.2.2005, s. 21.

⁽⁷⁾ TEU L 39 av 11.2.2005, s. 53.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Formann

VEDLEGG
til avgjerd i EØS-komiteen nr. 137/2005

I vedlegg I kapittel I i avgjerda vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 nr. 12 (kommisjonsvedtak 92/486/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 D 0123**: Kommisjonsvedtak 2005/123/EF av 9. februar 2005 (EUT L 39 av 11.2.2005, s. 53).”
2. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2001/881/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 D 0013**: Kommisjonsvedtak 2005/13/EF av 3. januar 2005 (EUT L 6 av 8.1.2005, s. 8).”
3. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2001/881/EF) og 46 (kommisjonsvedtak 2002/459/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 D 0102**: Kommisjonsvedtak 2005/102/EF av 26. januar 2005 (EUT L 33 av 5.2.2005, s. 30).”
4. I del 1.2 nr. 118 (kommisjonsvedtak 2004/292/EF) vert følgjande lagd til:
”, endret ved:
– **32005 D 0123**: Kommisjonsvedtak 2005/123/EF av 9. februar 2005 (EUT L 39 av 11.2.2005, s. 53).”
5. I del 4.2 nr. 65 (kommisjonsvedtak 2002/300/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 D 0104**: Kommisjonsvedtak 2005/104/EF av 3. februar 2005 (EUT L 33 av 5.2.2005, s. 71).”
6. I del 4.2 nr. 66 (kommisjonsvedtak 2002/308/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 D 0107**: Kommisjonsvedtak 2005/107/EF av 2. februar 2005 (EUT L 34 av 8.2.2005, s. 21).”
7. I del 4.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” skal nytt strekpunkt i nr. 55 (kommisjonsvedtak 2003/634/EF) lyde:
”– **32005 D 0067**: Kommisjonsvedtak 2005/67/EF av 28. januar 2005 (EUT L 27 av 29.1.2005, s. 55).”